

Spørsmål til fylkesutvalet, 06.-07.juni 2023

Frist for å sende inn spørsmål: Fredag 02.juni 2023, kl 0900

Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Arve Helle (A)	Storelva i Innvik
2.	Arve Helle (A)	«Gymnastomten» i Årdal kommune
3.	Trude Brosvik (Krf)	Kvernbergtunellen på Fv 609
4.	Geir Kjell Andersland (V)	Utdannings- og studiemesser
5.	Marthe Hammer (SV)	Sykkelveg i Førdepakken og Miljøløftet
6.	Arve Helle (A)	Takstsoner i Bjørnafjorden kommune

1. Arve Helle (A); om Storelva i Innvik

Den planlagde flaumsikringskonferansen i Loen vart som kjent avlyst, men sjølve saka rundt Storelva i Innvik er framleis like aktuell.

Korleis tenker fylkesordføraren å arbeide vidare med saka? Er det planar om å sette opp igjen den avlyste konferansen på nytt?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføraren viser til PS 38/2023 Flaumsikring av Storelva bru Innvik, som skal behandlast av Fylkesutvalet 6.juni 2023.

Fylkesordføraren har søkt dialog med NVE, Olje- og energidepartementet (OED) og Samferdselsdepartementet (SD), med mål om å få endra den statlege tilskotsordninga for flaum- og skred til å også inkludere kommunal og fylkeskommunal infrastruktur. Førebels har det ikkje lukkast å endre reglementet. Vidare inviterte Fylkesordføraren til ein nasjonal flaumsikringskonferanse i Loen i april. Grunna for få påmeldte vart denne konferansen avlyst.

Sidan det ikkje vart ein nasjonal konferanse vart det tatt initiativ til eit felles møte 13.april 2023 med Vestland fylkeskommune v/Fylkesordførar Jon Askeland, NVE v/Bright Samdal (direktør for skred og vassdrag) og KS v/Helge Eide (områdedirektør for samfunn, velferd og demokrati).

Det er ikkje planlagt å sette opp den avlyste konferansen på ny. I staden for vil fylkesordføraren arbeide mot å få den kommande stortingsmeldinga om flaum- og skred til å omhandle flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur.

Det vil ta tid før ny politikk er på plass på dette feltet. Vestland fylkeskommune har sett dagsorden på området. Fylkesordførar rår derfor fylkesutvalet til å oppheva prinsippvedtaket om å ikkje gå vidare med flaumsikringstiltak, men i staden invitera NVE til dialog om aktuelle flaumsikringsprosjekt i fylket. Fylkestinget vil gjera prioriteringar i RTP. Slik sett er realitetane dei same,- det trengst vesentleg auka statleg støtte. Utan det, vil flaumsikring konkurrera med trygg skuleveg, asfaltering, rekkverksarbeid td i Lodalen, eller rassikring td i Oldedalen.

2. Arve Helle (A); om «gymnastomten» i Årdal kommune

Viser til artikkel i Porten.no om dialog mellom fylkeskommunen og Årdal kommune der kommunen ønsker å overta eit bygg på «gymnastomten». Så vidt eg har registrert er bygget er gammalt og i dårleg stand, og skal uansett rivast for å gje plass til ny fleirbrukshall/skule. Utan å ha inngåande kjennskap til marknaden i Årdal virkar taksten noko høg all den tid kommunen også får utgiftene med å rive bygget.

Har ein komt fram til ein avtale med kommunen? Om ikkje; er det dialog med tanke på å få løyst denne saka?

Svar frå fylkesdirektøren

Årdal kommune har gjort til kjenne eit ønskje å overta eigedomen «gymnastomten», gbnr 19/19 i Årdal kommune, frå fylkeskommunen. Tomta var i si tid gitt vederlagsfritt til fylkeskommunen av Årdal kommune. På eigedomen står det i dag eit skulebygg, oppført av fylkeskommunen, på ca 600 kvm BTA kjent som «Paviljongen».

«Paviljongen» er i dag berre sporadisk brukt av skulen sjølv og tidvis leigd ut til lokale aktørar i Årdal. Administrasjonen har difor vurdert det slik at fylkeskommunen kan avhende eigedomen.

Det er eit etablert prinsipp i fylkeskommunen at eigedomar vart selt til takstverdi i tilfelle som dette.

Administrasjonen har fått taksert «Paviljongen» til kr. 1 500 000,- i 2013 og kr. 1 575 000,- i 2022. Sjølve tomteverdien er ikkje blitt vurdert, då det er tenkt at fylkeskommunen ikkje skal ha vederlag for denne.

Tidleg i prosessen vart det foreslått at det lokale idrettslaget skulle overta eigedomen med intensjon om å byggje eit idrettsanlegg. Årdal kommune har i seinare tid informert at dei ønskjer å overta eigedomen og deretter bestemme kva dei ønskjer å bygge på tomta på eit seinare tidspunkt.

Etter dialog med administrasjonen i Årdal kommune har fylkeskommunen utforma eit forslag til kjøpekontrakt med atterhald om politisk godkjenning. Dette vart oversendt Årdal kommune i starten av 2023. I dette avtaleforslaget vart salssummen foreslått til kr 1 000 000,-.

Administrasjonen er nyleg blitt informert om at formannskapet i Årdal kommune ikkje har behandla forslaget til kjøpekontrakt, då dei ønskjer ein dialog med fylkespolitikarane om saka.

3. Trude Brosvik (Krf); om Kvernberg tunnelen på Fv 609

Kvernberg tunnelen, Fv 609, er skilta stengt for gåande og syklande. Det er dermed ikkje råd for dei som bur på Ulltang (sentrumsnært til Førde) å kome til sentrum anna enn med bil. Dette er særleg krevjande for ungdom.

1. Er det fylkeskommunen eller kommunen som eig den gamle tunellen mellom Ulltang og Førde, som skulle vere gang og sykkelveg etter at Kvernberg tunnelen vart bygd?
2. Kor langt er planane for å få til ei løysing for syklande/gåande i området kome, og kva tid kan ein rekne med utbetring?
3. Er evt tiltak kostnadsrekna?
4. Sidan dette trafikktryggingstiltaket er å ordne ein veg som fungerte, men som vart stengt pga ras; blir ei ny løysing sett på som eit tiltak for vedlikehald? Eller må det prioriterast gjennom RTP som eit nytt tiltak?
5. Kva er grunnen til at fylket ikkje vil ha ei midlertidig løysing med skilting som viser at det er syklist/gåande i tunellen (evt i saman med forlenging av 50-sona på Førdesida av tunnelen)?
 - Eg viser til at dette er ei løysing som er nytta på meir trafikkert veg som E39 nord for Knarvik og no også på Skrikeberg tunnelen (E39) ved Oppedal. Også desse tunellane er utan ekstra breidde og har kurvatur som gjer at ein ikkje har lang sikt.
 - Etter kva eg skjønar er det også brukt på fylkeskommunal veg i Luster.

Svar frå fylkesdirektøren

1. I samband med opninga av Kvernbergtunnelen i 1996 vart gamlevegen med den kortare Steinatunnelen omklassifisert frå riksveg til kommunal veg. Sunnfjord kommune står i dag som eigar av Steinatunnelen. Den har vore nytta som gang- og sykkelveg fram til den vart stengd i oktober 2021 på grunn av steinsprang og rasfare. Det er forbod for mjuke trafikantar mot å ferdast gjennom Kvernbergtunnelen, og med Steinatunnelen stengd er det difor ikkje noko gang- og sykkelsamband mellom Førde og Ulltang no.
2. Det har vore skissert tre ulike moglege løysingar. Den eine er utbetring av Steinatunnelen. På oppdrag frå Sunnfjord kommune har Sunnfjord Geo Center utarbeidd ein tilstandsrapport der dei slår fast at det er eit vesentleg behov for sikring av den kommunale gang- og sykkel tunnelen på Steinen. Dei rår til at tunnelen ikkje vert opna for fri ferdsel før det er gjennomført tiltak. Estimerte kostnadar ligg på 5,9-7,5 millionar kroner eks. mva. Sunnfjord kommune vurderer det som sannsynleg at ei slik utbetring vil ligga fram i tid.

Den andre løysinga som er vurdert er å opna Kvernbergtunnelen for gåande og syklande. Her har fylkeskommunen gjennomført ei trafikksikkerheitsvurdering, som konkluderer med at gang- og sykkeltrafikk i tunnelen vil vera svært trafikkarleg, og ikkje å tilråda. Dette er grunna dårlege lysforhold, dårleg sikt, lengde og stigningsforhold på vegen, samt fartsgrense (80 km/t).

Ei tredje, kompensierende løysing er forsterka/tilpassa busstilbod for bebuarar på Ulltang. Dette må vurderast av Skyss.

3. Sunnfjord Geo Center har estimert kostnadane ved utbetring av Steinatunnelen til 5,9-7,5 millionar kroner eks. mva., jf. punkt 2.
4. Gitt at vegen er eigd av Sunnfjord kommune er vedlikehald og opprusting av denne kommunen sitt ansvar.
5. Som nemnt i punkt 2 er det vurdert som svært trafikkarleg å tillata gang- og sykkeltrafikk i Kvernbergtunnelen. Me har hatt møte med Sunnfjord kommune, og kommunen har og fått oversendt vår trafikksikkerheitsvurdering for Kvernbergtunnelen. I møte med kommunen vart det bedt om ei vurdering av fartsgrense og moglegheit for busstransport som kanskje kan nyttast av fleire enn dagens tilbod. Gjeldande fartsgrensekriterium gir ikkje heimel for nedsett fart. Statens vegvesen har skiltmynde og er dei som fattar vedtak om fartsgrenseendringar. Fartsgrense 50 km/t vil tilfredsstillast siktkrava, men det er som nemnt fleire andre tilhøve som gir dårleg trafikksikkerheit for mjuke trafikantar i tunnelen. Det er viktig at fartsgrensesettinga er rimeleg ut frå stadlege tilhøve. For låg fartsgrensesetting kan medføra at fartsgrensa i mindre grad vert respektert. I så fall vil fartsgrensa gi ei falsk tryggleik for dei mjuke trafikantane som ferdast i vegbana.

Den aktuelle strekninga har i utgangspunktet lite gang- og sykkeltrafikk, og det er heller ikkje eit tilbod til gåande og syklande på vestsida av Kvernbergtunnelen/Steinatunnelen. Fv. 609 opp til Ulltang har stor stigning, utfordrande kurvatur samt smal vegbreidde og dårleg sikt. Om ein skulle ha opna Kvernbergtunnelen for mjuke trafikantar, løyser det ikkje utfordringane for denne strekninga. Strekninga er lite eigna for barn og unge i utgangspunktet.

Fylkesdirektøren meiner den beste løysinga er at Steinatunnelen vert rusta opp att, slik at denne framleis kan nyttast som gang- og sykkelveg.

4. Geir Kjell Andersland (V); om utdannings- og studiemesser

Venstre har fått innspel frå nokon som undrar seg over korleis eit kommersielt selskap har nærmast etablert monopol på å arrangera "Utdannings og Studiemesser".

Selskapet heiter "Trondheim Messeselskap", og driver både utdanningsmesser og TaUtdanning.no

<https://www.tautdanning.no/utstiller/om-utdanningsmessene-2/>

<https://dtms.aiutrix.com/reg/uk/exhibitor>

Problemet er at det kan vere svært kostbart for alle utstillarar. På ein slik måte at det rett og slett ikkje lar seg gjere for mange utdanningsinstitusjonar å vere representert der.

Til dømes er det knapt nokre folkehøgskular som kan ta seg råd. Trondheim Messeselskap AS har også meget høg fortjeneste:

[https://www.proff.no/selskap/trondheim-messeselskap-as/trondheim/messe-og](https://www.proff.no/selskap/trondheim-messeselskap-as/trondheim/messe-og-kongressarrang%C3%B8rer/IG5U5CY0C7B/)

[kongressarrang%C3%B8rer/IG5U5CY0C7B/](https://www.proff.no/selskap/trondheim-messeselskap-as/trondheim/messe-og-kongressarrang%C3%B8rer/IG5U5CY0C7B/)

Me ser at det medfører at elevane på VGS dermed ikkje får same moglegheiten til å ha oversikt og tilgong på informasjon om utdanningstilbodet som er der ute.

I dag blir også store summar trukke ut av mange utdanningsinstitusjonar som kunne vore brukt på drift istedenfor ein kommersiell aktør.

Kunne dette vore løyst betre gjennom til dømes samkøyrd fylkeskommunal ordning, eller gjennom fylkeskommunen? For på den måten ha sikra god og rettferdig informasjon.

Svar frå fylkesordføraren

Utdanningsinstitusjonane marknadsfører og informerer om eigne utdanningar og tilbod på ulike måtar og gjennom ulike kanalar. Privat styrte karrieremesser eller liknande kan vere eitt tiltak utdanningsinstitusjonane vel å marknadsføre seg gjennom. Studentrekruttering er sentralt i institusjonane sine strategiar, og set i verk ulike tiltak for å nå breitt ut.

Utdanningsinstitusjonane i Vestland jobbar også med eigne informasjonstiltak for å møte elevane i både grunnskule og vidaregåande opplæring utanfor kommersielt styrte arrangement, og i samarbeid med offentlege aktørar. Institusjonane driv eigne informasjons- og rekrutteringsaktivitetar, men det går også føre seg meir strategiske samarbeid. Til dømes er Utdanning i Bergen ein strategisk nettverksorganisasjon som legg til rette for samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, kommunar, fylkeskommunen, studentar og næringsliv i regionen. Organisasjonen jobbar for å styrke utdanningstilboda i Bergen, informasjonsarbeid, og for at nyutdanna skal bli verande i regionen etter fullført utdanning. Utdanningsmesser eller liknande i regi av offentlege eller private aktørar, besøk til vidaregåande skular, rådgivarseminar, campusbesøk for elevar på vidaregåande nivå og opne dagar kor elevar kan besøke universitet eller høgskole for ein dag, er tiltak som blir arrangert i regi av Utdanning i Bergen.

Lokalt og regionalt arbeidsliv og kommunane legg også opp til at utdanningsinstitusjonane kan marknadsføre og informere om utdanningane som blir tilbydd. Representantar frå mellom anna arbeidsliv, NAV, kommunane og dei vidaregåande skulane jobbar saman regionalt om å definere kompetansebehov og analysere kompetansegap. Utdannings- og yrkesmesser blir då ofte initiert og arrangert lokalt og regionalt. Her blir arbeidsliv, utdanningsinstitusjonar og andre relevante aktørar inviterte inn til å bidra. Desse messene blir ofte finansiert av næringslag og kommunane, og treff elevar i grunnskule og vidaregåande opplæring der dei er busette eller går på skule.

Dei vidaregåande skulane arrangerer i stor grad opne dagar som grunnskuleelevane kan delta på. Her får deltakarane informasjon om utdanningsval, karrieremoglegheiter og karriereval. Lokalt arbeids- og næringsliv deltek som oftast i arbeidet. Desse arrangementa sjåast ofte i samanheng med arbeidslivsfacetet i grunnskulen, som også er grunnlaget for hospiteringa elevane på 8., 9. og eller 10. trinn deltar på i vidaregåande opplæring.

Karriere Vestland er ei teneste i regi av Vestland fylkeskommune for aldersgruppa 19 år og opp. Tenesta tilbyr karriererettleiing på telefon, video eller på eitt av dei seks lokasjonane i fylket. Karriere Vestland deltek primært på arrangement i regi av t.d. Utdanning i Bergen, Bergen næringsråd, NAV sine jobbmesser, eller messer som er arrangert av regionale næringslag.

Det finst ei rekke digitale løysingar kor elevane i grunnopplæringa kan hente relevant informasjon om studietilbod som finst i mellom anna Vestland. I tillegg til den enkelte utdanningsinstitusjon, er utdanning.no ei digital løysing som gir informasjon om den enkelte utdanningsinstitusjon sine utdanningstilbod. Tenesta gir oversikt over utdanningar på vidaregåande- fagskole- og universitets- og høgskulenivå. Ein får også oversikt over alle folkehøgskulane i Noreg.

Karriereveiledning.no er ei digital karriererettleiingsteneste i regi av Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (HK dir.). Tenesta er open for alle, uavhengig av alder.

Samla sett er det allereie bygd opp ein monaleg kapasitet for å marknadsføre og informere om utdanningsinstitusjonane sine tilbod, digitalt, gjennom messer og andre aktivitetar som er retta inn mot informasjon og rekruttering. Aktivitetar går føre seg lokalt, regionalt og gjennom strategiske samarbeid. Strukturane for informasjon og karriererettleiing mogeleggjir at elevlar i grunnskule og vidaregåande opplæring har mogelegheit til å orientere seg på ein god måte om kva mogelegheiter dei har på studiestadane i Vestland, utan at det krev at dei deltek på eit kommersielt arrangement.

Lokale og regionale initiativ frå kommunar, næringslag, vidaregåande skular og andre utdanningsinstitusjonar er viktige og ligg til grunn for utdannings- og yrkesmesser utanfor sentrale strom. Folkehøgskular kan også delta på slike messer.

Plikta fylkeskommunen har etter opplæringslova til å gi karriererettleiing og rådgiving om utdanning og yrkestilbod strekk seg ikkje til å koordinere messer på vegner av høgare utdanningsinstitusjonar eller folkehøgskular, eller finansiere lokalitetar for slike arrangement.

5. Marthe Hammer (SV); om sykkelveg i Førdepakken og Miljøløftet

På trafikktryggingsutvalet sitt møte i Førde fekk vi ein fin omvisning på planlagte og bygd sykkelveg i Førde. Her har Førdepakken gjort ein kjempegod jobb, og er av interesse om ein samanliknar med til dømes miljøløftet.

Spørsmål:

Viss ein legg til grunn same måte å telle sykkelveg på som i miljøløftet. Kor mykje sykkelveg, sykkelfelt og gangfelt er planlagt, ferdig planavklart og starta bygging på, evt ferdig bygd i Førdepakken og Miljøløftet, f.eks. siste fire siste år.

Svar frå fylkesdirektøren

Det er ulike måtar å telje kor mange meter sykkelveg som er ferdig bygd. I dei oppgitte tala nedanfor er begge retningane telt for dei strekningane som legg godt til rette for to-vegs sykkeltrafikk, med eigen trasé for kvar retning. Løysingar med sykkelfelt på begge sider av ein bilveg vert òg telt begge vegar.

Antal km. ny sykkelveg, eller nye sykkelfelt, i perioden 2019-2022:

- Finansiert gjennom Miljøløftet: 10,8 km.
- Finansiert gjennom Førdepakken: 7,3 km.

Tala frå Miljøløftet er hente frå årsrapportane, medan tala frå Førdepakken kjem frå prosjektleiar Erling Varlid. I Miljøløftet sin årsrapport for 2019 stod det 0,7 km. ny sykkelveg, men med teljing i begge retningar svarar dette til 1,4 km. ny sykkelveg.

Både gjennom Miljøløftet og Førdepakken vil det dei neste åra bli bygd meir sykkelveg, men det blei i denne omgang for kort tid til å nøyaktig talfeste dette.

6. Arve Helle (A); om takstsoner i Bjørnafjorden kommune

Viser til spørsmål fra undertekna og skriftleg svar til SAMO møte 15.02.23 om mulighetene for endring til ei takstzone i Bjørnafjorden kommune. I svaret vert det vist til at det ikkje har ein økonomisk konsekvens for fylkeskommunen å gjere denne endringa, men at det for nokre innbyggjarar i Fusa-delen av kommunen vil bli auka takstar. I tillegg viste administrasjonen til at ei utviding av takstzone A skapar utfordringar andre stadar. I utvalsmøtet der dette var tema vart det føreslege muntleg at ein gjekk i dialog og involverte kommunen i diskusjonar om eventuelle konsekvensar av ei slik endring. Seinare har eg forstått at Bjørnafjorden har etterlyst framdrift i denne saka i Miljøløftet.

Har det vore ei administrativ oppfølging av denne saka?

Svar frå fylkesdirektøren

Administrasjonen, ved Skyss, hadde i mars eit møte med Bjørnafjorden kommune, representert ved ordførar, administrasjonen og representant for ungdomsrådet. Bjørnafjorden kommune uttrykte tydeleg ønskje om snarleg inkludering av Fusa i sone A, og at Skyss i neste omgang ser på eventuell vidare justering av sonestrukturen som føle av Fusa inn i sone A. Skyss uttrykte forståing for synspunkta, men viste til utgreiingsplikt i slike spørsmål og at endringar i sonestrukturen krev politisk handsaming.

Administrasjonen vil etter planen legge fram ei sak i hovudutval for samferdsel og mobilitet i augustmøte, om konsekvensar ved eventuell inkludering av Fusa i sone A.